



# Kviteseid misjonskyrkje

## MISJONSKIRKEN NORGE

### Referat frå styremøte onsdag 6. oktober 2021 kl 18.00

#### **Til stades:**

Ane S. Holm (2020-2021)

Åsbjørg Hægeland (2021-2022)

Sigrun Lønning Solvang (2021-2022)

#### **Sak 19/21: Godkjenning av referat frå styremøtet 10. august 2021**

Referatet vart godkjent utan merknader.

#### **Sak 20/21: Evaluering av årets arrangement og vidare planlegging av haustens program**

Vi snakka om dei møtepunkta vi har hatt i haust; ein tur, eit sundagstreff, eit felleskyrkjeleg sangmøte, bønneemøte, og «Møteplass i haustmørket». Styret har opplevd samlingane som gode.

Det var nesten 50 stk på «Møteplass i haustmørket». Her viser det seg (nok ein gong) at personleg relasjon og invitasjon er viktig. Vi trur at dette var eit konsept som traff godt folk sitt behov no i desse tider! (Nyleg avslutta korona-tiltak.) Lengten etter gode fellesskap med ein himmel over.

Vi gjekk gjennom det øvrige programmet som er planlagt fram til jul.

Vi ser at vi treng å gje sundagstreffa til eit nytt namn. Sak på neste møte.

#### **Sak 21/21: Tweensklubb på Misjonshuset har starta opp. Vi er invitert til å samarbeide dersom vi ønsker dette.**

Vi er positive til samarbeid og dersom dei treng foreldre som er med ein gong eller to, men ikkje kapasitet til planlegging osv.

Vi kan også hjelpe til dersom dei treng økonomisk hjelp.

Åsbjørg formidlar dette til Tweensklubben ved Liv Aase Gamst Kristoffersen.

## Sak 22/21: Plan for komande halvår

### Felleskyrkjeleg arrangement:

- |                     |  |
|---------------------|--|
| 23. januar kl 16.00 | Felleskyrkjeleg familiemøte på Misjonshuset. |
| 11.- 13. mars       | Fellesmøter med Egil Svartdal                |
| 2.- 6. mai          | Godhetsveke                                  |

### Arrangement på Betel:

- |             |   |
|-------------|---|
| 16. januar  | Sundagstreff  |
| 6. februar  | «Møteplass i vintermørket» kl 19.00. Spørre Ingri Engeland. |
| 13. februar | Sundagstreff 18.00 og årsmøte 16.30                         |
| 27. februar | Bønne og delemøte 19.00                                     |
| 20. mars    | Sundagstreff  |
| 3. april    | Tverrkulturell kveld?                                       |
| 18. april   | Påskesangmøte kl 19.00                                      |
| 22. mai     | Sundagstreff  |
| 19. juni    | Sommaravslutning  |

## Sak 23/21: Eventuelt

Bønnemøta blir framover kl 18.30, med unntak av dei gongene det er strikkekafe.

Neste styremøte: onsdag 17. november kl 18.00

*Åsbjørg Hægeland, sekretær*